



Føresette til elevar på 7.trinn  
v/ Leiknes skule

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 16/130 - 16/986

Saksbehandlar:  
Arne Magnar Kvamme  
Arne.Kvamme@lindas.kommune.no

Dato:  
13.01.2016

## Førehandsvarsel om krinsgrenser - Leiknes skulekrins

Opplæringslova § 8-1 gir reglar om korleis elevar vert fordelt på dei ulike skulane i kommunen. Etter reglane har grunnskuleelevene rett til å gå på den nærmeste skulen i kommunen. Kva skule som er nærest, skal fyrst og fremst bli avgjort ut frå geografiske tilhøve. I tillegg skal det også takast omsyn til om sysken er plasserte på den same skulen, kapasitet på skulane og om skulevegen er farleg. Lova opnar for at kommunen kan fastsetja kva geografisk område som skal vere den enkelte skulen sitt opptaksområde (krinsgrenser).

I samband med rullering av kommunedelplan skule 21.mars 2013 vedtok kommunestyret følgjande forskrift om krinsgrenser for ungdomssteget gjeldande frå og med skuleåret 2013-2014:

*Som hovudregel vert optaket av elevar gjort etter følgjande områdeinndeling for ungdomsskulesteget frå skuleåret 2013-2014:*

1. Knarvik ungdomsskule har som opptaksområde Alversund, Festo, Knarvik og Seim skulekrinsar.
2. Ostereidet ungdomsskule har som opptaksområde Ostereidet b, Leiknes, Eikanger og Kløvheim skulekrinsar.
3. Lindås ungdomsskule har som opptaksområde Lindås b (inkl. Åsheim), Myking og Skodvin skulekrinsar.

Vidare:

*Etter søknad kan elevar verta tatt opp ved annan skule enn det som gjeld som hovudregel. Nærskuleprinsippet etter §8-1 gjev elevene ein rett til å gå på nærmaste skule. I vurderinga av kva som er nærmaste skule ligg både geografiske og trafikale tilhøve. Ved søknad om optak ved annan skule vil det utover nærskuleprinsippet verta lagt vekt på avstand til skule, trygg skuleveg, kvar søsken går, kapasitet ved skulane og eleven sine behov fagleg og sosialt.*

Til grunn for denne inndelinga ligg det ei vurdering av kapasitet på Knarvik ungdomsskule, elevene sin alder og skulevegen elevane vil få til Ostereidet. Det er og tatt omsyn til eit ynskje om ei god utnytting av kommunen sine tre eksisterande ungdomsskular.

Rådmannen legg såleis i utgangspunktet til grunn at alle elevene på 7.trinn ved Leiknes skule skuleåret 2015-2016, skal gå vidare til Ostereidet ungdomsskule i tråd med vedteken forskrift om krinsgrenser.



Geografisk avstand mellom elevane sin bustad og skulane, kan vise at Knarvik ungdomsskule ligg nærmere heimen. Dette kan gi barnet ein rett til skuleplass på Knarvik ungdomsskule.

Rådmannen ber derfor om at dei som ynskjer å søke om plass på Knarvik ungdomsskule frå hausten 2016 sender søknad til rådmannen **innan 01. februar 2016**. Dette for å gi alle same moglegheit til likverdig handsaming av søknadene og at ikkje «først-til-mølla-prinsippet» vert rådande. Dette vil også sikre at elevane i god tid veit kva ungdomsskule dei skal gå på. For skulane vil det sikre tid til god planlegging av neste skuleår.

Søknadene vert handsama administrativt.

Søknad om plass på Knarvik ungdomsskule kan sendast som mail til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) eller som brev til Lindås kommune v/ rådmannen, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

Med helsing

Kristin Moe  
Kommunalsjef

Arne Magnar Kvamme  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Leiknes skule

**Mottakarar:**

Føresette til elevar på 7.trinn

v/ Leiknes skule